



NVE

Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 03.04.2025

Vår ref.: 202401425-52 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Oversending av klage på vedtak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav 10.02.2025 konsesjon til Endra AS for eit bakkemontert solkraftverk i Sveio kommune, Vestland fylke.

NVE har fått ein klage på vedtaket. Klagen er gitt innan klagefristen, og NVE har vurdert at klager har rettsleg klageinteresse. NVE har dermed førebudd klagen i tråd med forvaltningslova § 33.

NVE kan ikkje sjå at det i klagen er lagt fram vesentlege forhold som gjer at vi vil gjere om på eller heve vedtaket. Saken blir dermed sendt til Energidepartementet for endeleg behandling, jf. forvaltningslova § 33.

Vår grunngiving og kopi av klagen blir med dette oversendt Energidepartementet.

Bakgrunn

NVE gav Endra AS konsesjon for å bygge, eige og drive Nesse solkraftverk med transformatorstasjonar, nettilknytning, inngjerding og nødvendig høgspenningsanlegg. Løyvet blei gitt etter energilova § 3-1.

I dette brevet har NVE samanfatta og kommentert klagen som er lagt fram. Vi viser vidare til notatet «Bakgrunn for vedtak» av 10.02.2025 NVE ref. 202401425-45, for skildring av saksbehandlingsprosessen, samanfating av innkomne merknader og våre vurderingar.

Samanfatning av klage

Naturvernforbundet i Haugaland klager på NVE sitt vedtak i brev av 07.03.2025. Klager har grunngitt klagen med omsyn til natur, kulturlandskap, klima og landbruk.

Klager skriv at solkraftverket vil føre til at kystregnskogen i planområdet forsvinn og at arealet ikkje lenger vil fungere som eit karbonlager. Vidare skriv dei at solcellepanela vil føre til mindre vegetasjonsvekst og følgeleg negativ påverknad på området sin funksjon som beite. Klager gir uttrykk for at etablering av solkraft på grå areal er meir berekraftig.

Endra AS sin kommentar

Klagen er etter forvaltningslova § 33 sendt til søkar Endra AS til uttale i brev av 14.03.2025. Endra AS kommenterte klagen i brev av 27.03.2025.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Endra AS skriv at påverknader på naturmangfald, miljø og landbruk er tilstrekkeleg vurdert i konsekvensutgreiinga som ein del av konsesjonssøknaden.

Dei vedkjenner at solkraftverk i kombinasjon med landbruksdrift i dag er lite utbreitt i Noreg og at kunnskapsgrunnlaget for slike prosjekt under norske forhold er avgrensa. Endra AS skriv at Nesse solkraftverk kan bidra til å auke kunnskapsnivået og erfaring med bygging, drift og verknad for landbruksareal. Dei skriv at planområdet ikkje påverkar dyrka mark.

Endra AS skriv at prosjektet har fleire positive sider ved seg, mellom anna at ein kan bruke planområdet til fleire formål, i dette tilfellet kraftproduksjon og beiteområde for småfe. Dei legg til at solkraftverket vil gi ein ekstra fast inntekt til landbrukseigedomen. Inntektene frå leie av areal gir gardbrukar auka inntekter som bidrar til å gjere drifta meir lønnsam for vidare utvikling.

Når det gjeld påverknad frå solcellepanel på fotosyntese, viser Endra AS til deira svar på høyringsinnspel frå Naturvernforbundet sendt til NVE 25.11.2024.

NVE si vurdering av innkomen klage

Etter forvaltningslova § 33 andre ledd skal NVE avvise en klage dersom vilkåra for å behandle klagen ikkje er til stades.

NVE fekk ein klage innan klagefristen. Vi har vurdert at klagen tilfredsstiller vilkåra for klagerett i forvaltningslova kapittel VI. Vi har følgeleg førebudd klagen i tråd med forvaltningslova § 33.

NVE kan heve eller endre vedtaket dersom NVE finn at klager har lagt fram nye opplysingar eller argument som gir grunnlag for dette.

Etter vår vurdering er det ingenting i klagen som ikkje allereie er vurdert i NVE sitt vedtak av 10.02.2025. NVE kan ikkje sjå at klager har lagt fram nye vesentlege forhold som gir grunnlag for å endre vedtaket.

Klagen blir dermed oversendt Energidepartementet til endeleg avgjerd i medhald av forvaltningslova § 33.

Dokumenta i saka er gjort tilgjengelege for Energidepartementet i elektronisk versjon via innsynsløysinga SeDok.

Med helsing

Erlend Bjerkestrand
fungerande seksjonssjef

Jo Arne Marvik
seniorrådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

Energidepartementet

Kopimottakarliste:

Naturvernforbundet i Haugaland - Roald Østensjø
ENDRA AS